

VELKOMEN TIL HOLMELY!

21. januar kl. 10-16: Bønedag

27. februar kl. 18: Holmelykveld

Harry Andersen talar og syng.

2.-5. mars: Retreat: «Fastetid – å følgje etter Jesus»

3-dagars retreat ved Audun Aase og Jorunn Glomnes. Audun har leia fleire retreatar på Holmely, han er pensjonert sokneprest og har lang erfaring med retreat, åndeleg veiledning og sjelesorg. Jorunn har tidlegare vore leiar på Holmely og er ein erfaren sjelesørgjar.

Fastetida er den delen av kyrkjeåret som tydelegast understrekar truslivet som etterfølging av Jesus, nemleg vandringa med han gjennom påskehendingane. Gjennom desse dagane kan du få gode rammer til å feste blikket på Han som kallar oss inn i ein nær og levande relasjon.

Pris per person:

2600,- (inkl. arr. avgift: 200,-)

1. april kl. 10: Bønedag

Bøn, lovsong, kvelds, bønevandring. Kollekt. Påmelding innan 30. mars.

4. mai kl. 17.30: Bønedag

Bøn, lovsong, kvelds, bønevandring. Marte-Iren Lade (dagleg leiar Fjordly) og Hilde Balsnes Lande leier samlinga. Kollekt. Påmelding innan 2. mai.

19. mai kl. 19: Møtekveld

Undervisning: «Guds bilde – bryr Gud seg verkeleg om meg?» ved Ingebjørg Isane Fure. Fleire medverkande. Kollekt. Kaffistund.

20. mai: Dugnad

Vi malar, snekrar, ryddar, vaskar eller gjer andre oppgåver. Gratis kost og losji. Hugs påmelding.

Bøn- og lovsongshelga er flytta til 25.-27. august

9.-11. juni: Bøn- og lovsongshelg

Helga blir leia av Heidi Strømsmo og Eva Langseth. Å bruke tid saman i bøn, tilbeding og det profetiske, er viktig både for eige liv, og for landet

og folket vårt, både i regionen og nasjonalt. Det blir også undervisning om bøn og lovsong.

Laurdag ettermiddag/kveld inviterer vi til opne samlingar, der vi ønskjer å samle ulike generasjoner, med vektlegging på å inkludere tenåringer og unge.

Heidi har vore på Holmely fleire gongar dei siste åra. Ho hører til i Oslo Vineyard, og har eit brennande hjarte for å sjå forvandla liv og forvandling i Norge.

Eva Langseth er dagleg leiar på Holmely i permisjon.

Pris per person: Dobbeltrom kr 1950. Enkeltrom kr 2150 (inkl. arr.avgift: kr 450)

29. juni - 2. juli: Keltisk retreat

ved Brit Lundby Hilde og Harald Forland.

På dei britiske øyane slo den kristne trua tidleg rot i folkelivet, og her i nordvest har vi også keltiske røter. Keltisk kristendom hadde eit positivt forhold til skaparverket. Ein såg naturen og alt liv som eit spegelbilete av Skaparen. Keltisk

Våren 2017




tradisjon utfordrar oss til å tene Kristus i våre medmenneske, og til å leve i ei livsnær og gudsнær kvardagstru.

Harald Forland er sokneprest i Erdal på Askøy ved Bergen, tidlegare prest i Gloppe og har vore i styret for Holmely. Brit Lundby Hilde blir retreatleiar. Ho bur i Innvik og har utarbeida materiale for pilegrimer som ønskjer å gå i St. Sunnivas fotspor på Selja. I denne 3-dagers retreaten inngår ei pilegrimsvandring ved Selja kloster og deltaking på Seljumannamesse siste dagen. Det blir også songstund med Sølv Helen Hopland éin av dagane.

Medarrangør: Bjørgvin Bispedømme.

Pris per person: Dobbeltrom kr 2700. Enkeltrom kr 2900. Båt til Seljumannamesse (kr 200) i tillegg.





Normisjon sin einaste retreat-stad ligg som ei perle like i sjøkanten, med vakkert utsyn over fjord og holmar – nær skog og fjell. Ein fredfull stad. På diakonal grunn – ein stad for alle!

• RETREAT

Trekkje seg tilbake, bruke tid i stillhet for å bli betre kjent med seg sjølv og Gud. Få hjelpe til å vandre med kvilepuls. Tid til å vere stille og be. Faste samlingar i kapellet. Bibelmeditasjon. Stille måltid med musikk. Tilbod om sjelesorg/åndeleg vegleiing.

• TEMAHELGER / KURS

Kurshelgane våre er ofte i ramme av retreat, med inspirasjon og fornying for kristenlivet og kvardagen. Gode tema-haldarar med livsnære tema. Kurs i samarbeid med Fermate.

• OMSORG

Medvandring - høve til sjelesorg/samtale/forbøn. Tid for avkoppling og tilkoppling. Individuelle opphold. Ta kontakt!

• BØN

Bønelunsj fredagar 11.30 – 12.30: Vi et i lag, drikk kaffi og ber for staden, regionen og kvarandre (ta med matpakke) Vi møtest til bønedagar (sjå program), åndeleg påfyll, lovsong, bønevandring, høve til personleg forbøn.

INFORMASJON:

Enkeltgjestar, grupper og lag / ferie:

Enkeltgjestar og feriegjestar er velkomne, etter nærmere avtale. Holmely kan også leigast av grupper og lag som ynskjer å ha eigne arrangement. Vi har sengeplassar til ca. 20 personar.

Pris for overnatting:

Ta kontakt for pris.

Meld deg på i god tid til:

HOLMELY omsorg og retreat

6711 BRYGGJA

Tlf. 57 85 34 25 / 93 42 33 00

e-post: holmely@normisjon.no

Dagleg leiari Eva S. Langseth er i permisjon.

Du når oss på tlf. tysd. og torsd. 09-14. Elles kan du nå oss på SMS / e-post.

Reise til og frå:

Gode bussamband frå/til Oslo, Bergen, Ålesund og Trondheim.

Ekspressbåt Bergen – Måløy 2 g. dagleg, korresponderande buss til Holmely/Totland.

Fly frå Oslo/Bergen til Sandane.

Meir informasjon:

www.holmely.no

www.facebook.com/holmely

retreater.no/retreatsted/holmely

Dersom du ynskjer å få brosjyre og annan info elektronisk, gje beskjed.

Kontonummer: 3000 14 72204


**LIK OSS PÅ FACEBOOK
- så får du oppdateringar!**

Holmely

Bryggja i Nordfjord

Ein jordnær plass med open himmel

■ medvandring ■ bøn ■ påfyll ■ fred



Våren 2017